

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Nyttårsdag / Jesu namnedag - 1. januar 2018

Preiketekst: Matt 1,20b-21

Lesetekst I: Sal 103,13-18

Lesetekst II Apg 4,8-12

Namnet Jesus

Nyttårsdag er åttande dagen etter jul og dette er ein dag der me får ei sterk påminning om at det vesle Jesus-barnet var ein jødisk gut. I Luk 2,21 les me at den vesle guten blei omskoren. Dette skjedde truleg i Betlehem, kanskje i heimen til Josef sine slektningar. At foreldra til Jesus var gode jødar blir ytterlegare stadfesta i Luk 2,22-24, der me les at dei går til tempelet og ber fram offeret etter reinsingstida.

I teksten frå Matt 1,20b-21 les me om eit englebesøk Josef hadde kanskje seks-sju månadar tidlegare, på det tidspunktet det byrja å bli synleg for alle at Maria var gravid.

Josef, Davids son

Det er interessant å merka seg måten engelen tiltalar Josef på, han kallar han «Davids son». Han er av kongeætt. Det gjev også kontekst til sitatet frå Jes 7,14 i vers 23. Den profetien blei fyrst tala til Davids-ætlingen, kong Akas av Juda. Han tok ikkje imot ordet frå Herren. No kjem Herrens ord til ein ny etterkommar av David, ein enkel tømmermann busett i Nasaret. Han skal visa seg å vera av eit anna materiale.

Ei anna viktig side ved dette er naturlegvis det faktum at Jesus også er av slekta til David. Dermed blir løftet til David i 2 Sam 7,12-14 endeleg oppfylt heilt og fullt.

Gud og menneske

Det neste engelen seier er også verdt å merka seg. Barnet er avla i Maria ved Den heilage Ande. I dette ligg heile den kristne læra om at Jesus er sann Gud og sant menneske. Denne læra har til alle tider vore ein av dei store provokasjonane i den kristne trua. Men læra er ufatteleg viktig og dei gamle kyrkjefedrane formulerte seg på følgjande måte: «det som ikkje er antatt, er heller ikkje heila». Poenget deira var at han måtte vera menneske i eitt og alt – kropp, natur og vilje. Berre slik kunne han fullt ut frelsa oss (jf. Heb 2,17).

Omskjering

Etter å ha fortalt Josef om korleis alt heng saman, gjev engelen han eit viktig oppdrag: «Du skal gje han namnet Jesus». Josef skal heilt og fullt ta på seg farsrolla for Jesus. Det var under omskjeringa at det var vanleg å offentleggjera namnet på guttebarnet (jf. Luk 1,59-63 og Luk 2,21). Det var faren si oppgåve å namngje barnet. I Bibelen ser me gong på gong at namngjeving markerer ansvar og herredøme. Så ved å ta på seg ansvaret for å gje namn til guten, seier Josef også ja til å vera faren hans.

Ein kan berre undra seg på kva slags kjensler som gjekk gjennom Josef då engelen sa desse orda og ga han dette oppdraget.

Herrens frelse

Namnet han skulle få er Jesus. Det tyder «Herrens frelse» eller «frelse». Ordet frelse kan innebera

mykje. Og når ein les evangelia er det vanskeleg å komma utanom at den vanlegaste forventninga knytt til Messias og Herrens frelse var forventninga om ein militær og politisk frigjerar, ein som skulle kasta ut romarane og oppretta Davids rike.

Teksten vår viser oss ei heilt anna sida ved frelsa, nemleg: «han skal frelsa folket sitt frå syndene deira». Jesu frelse stikk mykje djupare, det handlar om frelse frå synd. Det er vanskeleg å komma utanom ein tekst som Jesaja 53 når ein skal prøva å finna gammaltestamentleg bakgrunn for dette. Messias-bileta i GT er hovudsakeleg knytt til kongen og profeten, men i Jesaja 53 blir det tydeleg at Herrens tenar også er ein som skal lida for folket si synd.

Programmatisk

På mange måtar er denne utsegna om namnet til Jesus programmatisk for Matteusevangeliet. Når Matteus skal fortelja historia om Jesus er det historia om han som frelser folket frå syndene deira han er ute etter å fortelja. Døme på dette finn me blant anna i dei oppsiktsvekkjande orda til den lamme mannen i kapittel 9 («syndene dine er tilgjevne»), eller når han i 8:17 samanfattar Jesu helande gjerningar med å sitera frå nettopp Jesaja 53,4.

Folket sitt

Ein detalj me kanskje gløymer i vers 21 er uttrykket «folket *sitt*». Eg trur det kan liggja ein gammaltestamentleg undertone også i dette uttrykket. For når Gud gjev lovnaden til Moses om pakta han skal inngå med Israel, bruker han nemleg uttrykket «Eg vil ta dykk til mitt folk og vera dykkar Gud» (2 Mos 6,7). I GT les me gong på gong korleis Gud frelsar folket sitt. No kjem lovnaden om at Jesus skal frelsa folket sitt. Det er paktsguden, Abraham, Isak og Jakob sin Gud som handlar her.

Salmeforslag

Folkefrelsar til oss kom

Knut Kåre Kirkholm

Teolog og høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale Høgskole (NLM) og redaktør i magasinet Fast Grunn.

kkirkholm@fjellhaug.no